

Kjedetoppar håvar inn og lite til bønder: – Må balansere makta

ONSDAG 15. DESEMBER 2021 • NATIONEN

NYHETER • 11



Kjedemakt: Eigarane av dei store matkjedene som Johan Johannson i Norgesgruppen (t.v.), Ole Robert Reitan i Rema og Christian Lykke (t.h.) i Bunnpris sit med store formuar og inntekter, i kontrast til dei som lagar maten. Foto: Mariann Tvette og NTB

Kjedetoppar håvar inn og lite til bønder: – Må balansere makta

Av nær 250 sentrale personar i verdikjeda for mat har mange store inntekter og formuar, men bønder sit att med smular. Analytikar tar til orde for tiltak.

Skattelistene viser sterk konsentrasjon av store inntekter og formuar blant eigarar og toppsjefar i dei store matkjedene og dels også i matindustrien.

Samtidig er det langt magrare blant tillitsvalde og toppar i primærledet og blant bønder.

Store kontrastar

Nasjonen har sett i saman ei liste (sjå nedst i saka) med nær 250 av dei mest sentrale personane i verdikjeda for mat.

30 av dei er på «bondelista» der dei aller fleste er bønder i tillegg til at dei er styreleiar i ein bondeorganisasjon eller at dei på andre måtar har ein sentral eller profilerolle i primærledet.

Resten av dei 247 på lista er eigarar eller toppsjefar i store selskap som anten driv med handel med mat eller som er del av matindustrien eller andre mellomledd.

Her er nokre av funna som viser store sprik i inntekter og formuar: *42 personar (17 prosent av alle på lista) har over 100 millionar

kroner i skattbar formue. Ingen av dei er bønder.

*94 personar (38 prosent av alle på lista) har over 10 millionar kroner i skattbar formue. Ingen av dei er bønder.

*77 personar (31 prosent av alle på lista) har over 3 millionar kroner i skattbar inntekt. Ingen av dei er bønder.

*75 prosent (162 stykk) av dei som ikkje er bønder har over ein million kroner i skattbar inntekt, mot 13 prosent (4 stykk) på bondelista.

*3,7 prosent (8 stykk) av dei som ikkje er bønder har under 500.000 kroner i skattbar inntekt, mot 53

prosent (16 stykk) på bondelista.

– Må balansere makta

Den skeive fordelinga av inntekter og formuar i verdikjeda er ifølgje analytikar Christian Anton Smedshaug ganske godt kjent.

– Dette viser korleis marknaden utviklar seg med små reguleringar og stor marknadskonsentrasjon, seier Smedshaug, som er dagleg leiar i det landbrukseigde analysebyrået AgriAnalyse.

Han seier både skattelistene og pågåande debatten om inntekter i verdikjeda viser behov for nye tiltak.

– Dette viser at det er viktig å balansere makta i verdikjeda og at ein treng sterkare verkemiddel, seier Smedshaug.

Det er ifølgje Smedshaug viktig både for å klare løfte inntektene til bondene og klare dekke inn den kraftige kostnadsveksten.

– Der kjem samvirket inn som

eit avgjerande element for å balansere ut makta og hindre at marknadskonsentrasjonen ikkje forsterkar seg framover, seier han.

Den siste tida har jordbruket fått merke kraftig kostnadsvekst på alt frå straum til gjødsel og bygningsmateriell og ei rekke andre innsatsfaktorar.

– Ein treng sterkare verkemiddel for å regulere verdikjeda og sikre betre prisuttak i marknaden både for å dekke kostnadsveksten og tette inntektsgapet, seier Smedshaug.

EMV-grep

Etter lang debatt om matmakt og sterk marktkonsentrasjon med nokre få dominerande daglegvarekjeder såg Daglegvaretilsynet dagens lys ved inngangen til året.

Tilsynet skal blant anna handheve lova om god handelsskikk. Smedshaug viser elles til at Ap/Sp-regjeringa i Hurdalsplattforma tar til orde for betre maktbalanse i verdikjeda. Der står det at regjeringa vil:

«Sikre ein betre maktbalanse i verdikjeda for mat gjennom betre tilsyn, større openheit og meir rettferdig fordeling av verdiane i heile kjeda».

I tillegg skriv regjeringa at dei vil legge fram ei stortingsmelding om marknadsmakt i verdikjeda

for mat. Eit ytterlegare tiltak kan ifølgje Smedshaug vere å regulere matkjedenes bruk av såkalla EMV, egne merkevarer, i konkurransen med merkevarene til industrien og bondene.

– Å legge avgrensingar på EMV er eit verkemiddel som blir diskutert. Det kan potensielt balansere ut og betre maktforholda i verdikjeda slik at industrien får betre konkurransesituasjon, seier Smedshaug, som seier det vil kunne ha ein gunstig effekt for prisen bondene kan få for varene dei leverer.

Full oversikt over 247 sentrale personar i verdikjeda for mat får du i lista under. Der kan du skifte visning ved å trykke på knappane for å vise lister over formue, inntekt eller skatt.

Det går også å søke etter namn, firma eller kommunar i søkefeltet eller trykke på overskriftene for å endre sortering og måten lista er rangert på.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

nationen.no

Se hva toppene innen mat og landbruk tjente og skattet i fjor.



Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse

• Næringsliv



Unik kjøtt-satsing: Da Otta mistet Nortura-slakteriet og over 60 arbeidsplasser, valgte kjøttskjærerne Jan Erik Langrusten (t.v.) og Stian Sandbo å bygge om den nedlagte bensinlokale og kortreiste delikatesse.

Bygde om nedlagt bensins

Da Otta mistet Nortura-slakteriet og over 60 arbeidsplasser, valgte to unge kjøttskjærere å bygge om den nedlagte bensinstasjonen i sentrum til en slakterforretning.

Otta. – Vi er helt overveldet og svært glade over responsen fra kunder i hele regionen og mange turister som kommer innom. Starten på bedriften vår, Dølakjøtt, har gått over all forventning, sier Stian Sandbo og Jan Erik Langrusten.

Midt i julestria mellom pinnekjøtt, ribbe, medisterkaker og sylte, slår de to unge slaktergründerne fast at omsetningen etter et halvt års drift ligger på rundt 3,5 millioner kroner.

– Det er faktisk dobbelt så mye som vi i utgangspunktet hadde regnet med. Vi er svært takknemlige for at kundene har tatt så godt imot både konseptet og produktene våre, sier Langrusten.

Mistet 60 arbeidsplasser

Da Nortura for halvannet år siden avviklet slakterianlegget sitt på Otta, mistet kjøttskjærerne



Overveldet

«Vi er svært takknemlige for at kundene har tatt så godt imot både konseptet og produktene våre.»

Jan Erik Langrusten

Sandbo og Langrusten – i likhet med over 60 kollegaer – arbeidsplassene sine i hjemregionen Nord-Gudbrandsdalen.

– Både mat, jakt og friluftsliv er de store interessene våre. Vi bestemte oss fort for å prøve og skape egne arbeidsplasser, slik at vi slapp å flytte eller langpendle, sier Langrusten.

Ideen om å bygge opp en egen kjøttforretning dukket tidlig opp. Slaktergründerne på Otta vedgår at det har vært en svært bratt læringskurve, men er i dag kjempeglade for at de våget å hoppe rett ut i det.

– Vi fikk hver 65.000 kroner til oppstart av ny bedrift fra Nortura og 120.000 kroner i kursmidler. Vi har også fått god hjelp og støtte fra både Skjøppå kunnskapspark, Sel kommune og Innovasjon Norge, sier Sandbo.